

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Midt-Norge
Tid/Sted: Onsdag 13.12.17 kl 9 – kl 11.
Tilstede: Lars Morten Rosmo, Olav Håkon Ulfsnes, Ragnar Valstad, Trude Sandstad Eldnes, Kolbjørn Frøseth, Sverre Tyldum, Johan Kristian Daling og Trine Hasvang Vaag (vara for Oddveig Gikling-Bjørnå)
Forfall: Oddveig Gikling-Bjørnå og Roy Albertsen
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 13.12.2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styremøtet 11. – 12. desember</p> <p>Trine orienterte om kylling og diskusjon om restrukturering av næringa. Må auke salsvolumet, men også redusere produksjonen pga overkapasitet. Vedtak i styret om utkjøp av 10 produsentar, frist til 15. februar for Trøndelag, deretter opna for resten av landet. Kyllingmarknaden er i vekst. Vurdere produksjonsform i forhold til andre aktørar. Ekstrakostnad må i så fall verte dekt inn. Innfrakttilskot: Innspel i jordbruksforhandlingane. Har levert opp mot 97 % i forhold til avtalen med Norgesgruppen, potensiale for vidare vekst.</p> <p>Vidare om marknadssituasjon for storfekjøttproduksjon: Styret har sett ned anbefalt målsetjing frå 4 500 til 2 500 ammekyr pr år pga større grad av marknadsdekning nasjonalt. Lager av storfekjøtt bygd utover hausten. Investeringstilvilje og vekst i næringa, positivt, men usikker på kor stor vekst det er rom for vidare. Einig med TYR om føresetnadane for prognosen, men dei ynskjer fortsatt høg målsetjing.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Kylling må verte tema på RU-møtet til våren, samt dyrevelferd og mogeleg storfekjøttproduksjonen.• Norges Bondelag har tatt initiativ til å kartlegge areal for kyllingproduksjon hos alle aktørar, for å avdekke kva som er potensiale for kyllingproduksjon.• Er marknadssituasjon for småfe vurdert framover? Diskusjon om prognoser. Edruelege prognosar viktige mot jordbruksforhandlingane..• TYR Trøndelag har meldt inn ynskje om felles møte mellom TYR og fagutval storfe. <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	<p>Evaluering av regionutvalsmøtet 31. oktober – 1. november</p> <p>Brit Kari orienterte om oppsummering av evalueringsskjemaene. Stort sett gode tilbakemeldingar, men også innspel vi skal ta med oss til neste RU-møte.</p> <p><u>Innspel/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Var klager på at det vart servert dansk salami – så vi må fylgje opp at det er Nortura-produkt. <p>Vedtak: AU tek evalueringa til orientering.</p>	Brit Kari
3	<p>Oppfølgingsrapport frå regionutvalsmøtet</p> <p>Brit Kari orienterte om oppfølginga av sakene.</p>	

Spørsmål/kommentarar:

- På småfe er det mogeleg å ha blanke erstatningsmerke, som ein kan skrive på ved behov. Også mogeleg for storfe?

Brit Kari

Vedtak: AU tek oppfølgingsrapporten til orientering.

4 Dyrevelferd

Innspel frå gruppearbeidet i regionutvalsmøtet var dessverre gløymt utsendt på førehand, vart ettersendt i møtet.

Lars Morten orienterte frå møte mellom RU-leiarar, nestleiarar og Trine, der tema dyrevelferd og aktuell sak i svineproduksjonen var tatt opp, med synspunkt på oppfølging. Trine supplerte med at styret har jobba vidare med temaet på styremøtet.

Spørsmål/kommentarar:

- Aktuelt med tilsynsveterinærar finansiert av offentlege midlar?
- Svar: Nortura må vurdere andre dokumentasjonskrav, med bruk av ny teknologi.
- Aktuelt som tema både i RU og årsmøte.
- Svar: Involvering av organisasjonen starta med høyringa i kretsane, og i møte mellom RU-leiarar/nestleiarar og styreleiar. Må forankrast vidare.
- Må jobbast knallhardt med i heile bransjen, kan verte konkurransevridande viss ikkje heile bransjen er med. Avslaga må også involverast.
- Kamera for dokumentasjon er ikkje godt nok. Veterinæravtale med fast veterinær er det beste, betalt av oss sjølve.
- Viktig med haldningar, til og i Mattilsyn, dyrevernsnemnder, osv. Kan ikkje alltid vere vern av egne. Dokumentasjonssystem må på plass.
- Forbrukar vel anna mat enn kjøt, vedkjem oss alle med tillit til næringa.

Vedtak: AU tek oppsummeringa til orientering.

5 Møteplan 2018

Brit Kari orienterte om forslag til møteplan.

Innspel/kommentarar:

- Mogleg å flytte RU-møtet fram ei veke pga møtekollisjon for Lars Morten?
- Tlf møte 26. april ved behov.
- Fysisk møte 4. juni.

Brit Kari

Vedtak: AU vedtek møteplanen for 2018.

6 Kretsmøteplan

Brit Kari orienterte om kretsmøteplanen.

Spørsmål/kommentarar:

- Skal AU-medlem delta på sine kretsmøter?
- TINE har fleire tillitsvalde i sine møter utan definert rolle, og der har det vorte stilt spørsmål om ressursbruken.
- Konklusjon: AU-medlemene deltek i sine ansvarskretsar dersom dei ynskjer/har høve til det, men skal då ha ei rolle i møtet med arbeidsoppgåver. Utover det deltek enten styremedlem, RU-leiar eller nestleiar.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

7 Prosjektet auka verdiskaping kjøt i Midt-Norge

Lars Morten orienterte om status: Vedtak om ekstern finansiering neste veke + arbeidsinnsats. Samla budsjett på 3 mill i året. Kjøttcompagniet går inn med leiar av styringsgruppa. Stort og omfattande prosjekt. Mål: Omfattar firbeinte dyr, nye produkt og arbeidsmåtar, for auka margin for Nortura og produsent. Involvere bønder og tilsette i industrien. Vurdere eksport av kvalitetar til høg pris. Lars Morten har vore på info møte for Bondelaget, Fylkeskommuna og Fylkesmannen i M&R også. Borgny Grande vert

prosjektleiar.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

8 Eventuelt

Olav Håkon: Orienterte frå Midt-Norsk samarbeidsråd. Har hatt underskot i år. Slit med sekretærfunksjonen, ikkje funne andre løysingar. Levande Landbruk: Slit med å finne datoar, landar i neste veke. Utfordring med involvering av M&R med geografi og engasjement. Ny måte å drifte landbruksråda frå 2018.